

Forventa pensjoneringsalder og yrkesaktivitet

AV: ODDBJØRN HAGA OG OLE CHRISTIAN LIEN

SAMANDRAG

Forventa yrkesaktivitet er ein indikator for å måla lengda på yrkeskarrierar basert på yrkesaktiviteten i ein skilde år. Ein 15-åring i 2011 kunne forventa ein yrkeskarriere tilsvarende 30,8 årsverk. Denne indikatoren har gått ned kvart år sidan 2008, og det skuldast auken i arbeidsløysa etter finanskrisa.

Medan yrkesaktiviteten totalt sett har gått noko ned, er dette ikkje tilfelle for eldre arbeidstakarar. Yrkesaktiviteten etter 50 år er no på det høgaste nivået nokon gong for dei åra vi har data for (frå 2001). I IA-avtala er eit av måla at forventa yrkesaktivitet ved 50 år skal forlengjast med 6 månader frå 2009 til 2013. Forventa yrkesaktivitet har auka med 0,1 år frå 2009 til 2011, til 11,0 år. Vi må altså framleis ha ein auke på 0,4 år seinast i løpet av 2013 for å nå målet. Det er store fylkesvise skilnader i yrkesaktivitet. Yrkesaktiviteten etter 50 år er høgast i Akershus, og lågast i Finnmark og Østfold.

Sidan stadig fleire kombinerer arbeid og pensjon, er det ikkje lenger fullt samsvar mellom når folk tek ut pensjon og når dei sluttar i arbeid. Vi utarbeider difor separate indikatorar for sysselsetjingsåtferda og pensjoneringsåtferda blant eldre. Forventa pensjoneringsalder gjer uttrykk for pensjoneringsåtferda, og indikatoren omfattar alderspensjon, varig uførepensjon og avtalefesta pensjon (AFP). Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år var 62,3 år i 2011. Det er ein nedgang med 1,4 år frå 2010. Sidan yrkesaktiviteten over 50 år har auka svakt i same periode, viser dette at langt fleire arbeidde ved sidan av pensjonen i 2011 enn i 2010.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år i 2011 var 58,6 år, ein nedgang på 2,2 år frå 2010. Den store nedgangen kjem av at fleire har teke ut uførepensjon, særleg i alder under 50 år, og av innføring av fleksibel alderspensjon med høve til å ta ut alderspensjon frå 62 år. Talet på nye uførepensjonistar i 2011 var høgt mellom anna fordi mange tidlegare mottakarar av tidsavgrensa uførestønad gjekk over på uførepensjon.

INNLEIING

Færre sysselsette til å forsørgje kvar pensjonist

Då folketrygda vart innført i 1967, var det vel 3,5 sysselsette for kvar alders- og uførepensjonist. I 2011 hadde dette talet felle til 2,5. Når fleire frå dei store etterkrigs-kulla går av med pensjon og skal forsørgjast av mellom anna dei små fødselskulla frå slutten av 1970-talet og starten av 1980-talet, så vil dette talet minka endå meir. Utan pensjonsreforma reknar vi med at talet på sysselsette per pensjonist ville ha felle til 2,0 kring år 2030 og til 1,7 i år 2060 (Christensen m.fl. 2012). Den kraftige auken i forsørgingsbyrda dei siste tiåra skuldast fleire ulike tilhøve:

- Auke i forventa levealder: Forventa levealder ved fødselen har auka frå 74,0 år i 1967 til 81,3 år i 2011, og for-

venta gjenstående levetid for 67-åringar har i same periode auka frå 14,0 år til 18,1 år.¹

- Alderen når folk trer inn i arbeidslivet har auka som følgje av at fleire tek høgare utdanning. I 1970 hadde 78 prosent av 25-årige menn inntekt over halvparten av gjennomsnittsløn i Noreg. I 2010 gjaldt dette berre 57 prosent. Dette vil vere ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntektskjelde ved 25 år. I 1970 var det dessutan berre 12 prosent av folkemengda i alderen 30–39 år som hadde avslutta høgare utdanning, medan tilsvarende tal i 2010 var på 38 prosent.²

¹ Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB), Statistikkbanken tabell 05375 (se <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>).

² Kjelde: SSB, Statistikkbanken tabell 06217 (se <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>).

- Alderen ved avgang frå arbeidslivet har minka som følgje av høgare uttak av uførepensjon, innføringa av avtalefesta pensjon (AFP) i 1989 og som følgje av at den allmenne pensjonsalderen vart sett ned frå 70 år til 67 år i 1973. 49 prosent av 66-årige menn hadde inntekt over halvparten av gjennomsnittsløn i 1970, medan berre 33 prosent hadde det i 2010. Dette vil vere ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntektskjelde ved 66 år.

I motsett retning trekkjer at kvinneleg yrkesdeltaking har auka kraftig dei siste tiåra og medverka til fleire sysselsette. Prosentdelen sysselsette kvinner i alderen 15–74 år auka frå 44 prosent i 1972 til 67 prosent i 2011.³

Fleire kombinerer arbeid og pensjon

Frå 2008 vart det mogeleg for 67-årige alderspensjonistar å kombinera arbeid og pensjon utan at pensjonen vart avkorta, og i 2009 og 2010 vart ordninga utvida til også å gjelde 68- og 69-åringar. For alderspensjonistar over 70 år var dette mogeleg også tidlegare. Desse regelendringane har ført til at det har vorte stadig vanlegare å kombinera arbeid og pensjon i denne aldersgruppa (Bråthen og Grambo 2009, Dahl og Lien 2011). Eit anna tilhøve som nok kan ha medverka til dette, er at det no er store årskull som nærmar seg pensjonsalderen. Dette kan ha ført til ei haldningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar når det gjeld verdsetjinga av eldre si arbeidskraft. I ei spørjeundersøking Norstat gjennomførde for NAV i mars 2010, svara fire av fem arbeidsgjevarar at dei var svært eller nokså samde i at dei ynskte at medarbeidarane deira skulle halda fram i arbeid så lenge som mogeleg etter fylte 60 år (NAV 2011).

Frå 2011 vart det mogeleg å ta ut alderspensjon også i aldersgruppa 62–66 år, og denne gruppa kunne dermed også kombinera arbeid og alderspensjon fritt. Det vart òg innført ei ny AFP-ordning i privat sektor. Medan det tidlegare gjaldt strenge avkortingsreglar for kombinasjon av AFP med arbeidsinntekt over 15 000 kroner, kan ein no fritt kombinera ny privat AFP med arbeidsinntekt. Dette gjeld derimot ikkje AFP-mottakarar i offentleg sektor eller mottakarar av den gamle AFP-ordninga i privat sektor (personar som tok ut privat AFP før 2011). Pensjonsreforma har medverka til at meir enn seks av ti alderspensjonistar under 67 år kombinerte arbeid og pensjon i 2011 (Dahl og Lien 2011).

Separate indikatorar for sysselsetjing og pensjonering

Talet på sysselsette per pensjonist er lite tenleg som ein indikator på om ein lukkast i arbeidsmarknads- og pensjonspolitikken. For det fyrste skuldast dette at demografi i stor grad påverkar dette måltalet. Talet på sysselsette som del av folkemengda i yrkesaktiv alder vil òg på tilsvarande vis påverkast av storleiken på dei einskilde årskulla, og denne typen måltal vil vera vanskelege å samanlikna over tid.

Når mange fleire enn før held fram i arbeid etter at dei har teke ut pensjon, kan ein ikkje skilje klart mellom yrkesaktive og pensjonistar. Betre tilgang til vidareutdanning og omskolering, og fleksible løysingar for å kombinera omsorg for barn med arbeid, gjer at ein dessutan i mindre grad enn før kan definera lengda på ein yrkeskarriere ut frå ein klart definert startdato og sluttdato. NAV har difor utarbeidd separate indikatorar for pensjoneringsåtferd og for sysselsetjing blant eldre:

- Forventa pensjoneringsalder
- Forventa yrkesaktivitet

Forventa pensjoneringsalder (sjå faktaboks) seier noko om når ein kan forventa at personar med ein gitt alder i eit gitt år vil bli pensjonert, dersom pensjoneringsåtferda held seg som i dag. Det finst ulike metodar for å rekna ut pensjoneringsalder, og denne metoden blir sett på som eit robust mål for å vurdera endringar over tid.⁴ Forventa yrkesaktivitet seier noko om kor mange årsværk ein kan forventa at ein person med ein gitt alder vil bidra med i arbeidslivet.

Hytti og Nio (2004) utarbeidd ein ny indikator for arbeidsmarknads- og pensjonspolitikken der dei dekomponerte forventa levealder i forventa tid på og utanfor arbeidsmarknaden. EU-kommisjonen, sjå Vogler-Ludwig (2009), følgde opp med ein studie for å koma fram til meir høvelege indikatorar for lengda på yrkeskarrierar. Ei av tilrådingane i denne studien er ein sysselsetjingsindikator som i hovudsak svarar til indikatoren til Hytti og Nio. Indikatoren dei foreslår vert rekna ut frå sysselsetjingsratar for eittårige aldersgrupper og overlevingssannsyn for tilsvarande aldersgrupper, og gjev uttrykk for talet på forventa år i arbeidslivet. Dei reknar ut talet på forventa år i arbeidslivet ved 15 år og ved høgare aldrar, og samanliknar tala mellom EU-landa.

Indikatoren vår for forventa yrkesaktivitet byggjer vidare på dette arbeidet, og vart fyrste gong lagt fram i 2010 (Lien 2010). Framfor å følgje eit einskild årskull over tid, er indikatoren basert på sysselsetjinga for alle årskulla for

³ Kjelde: SSB, Statistikkbanken tabell 05111 (se <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>). For 1972 refererer tallet til aldersgruppen 16–74 år.

⁴ Sjå til dømes Finnish Centre for Pensions (2008).

eitt gitt år. Indikatoren vil då reagere med ein gong på endringar i sysselsetjingsåtferda, noko som har både fordelar og ulemper. Den openberre fordelan er at ein raskt kan fange opp endringar i åtferda, til dømes som følgje av regelendringar slik som gjennomføringa av pensjonsreforma. Ulempa vil vera at indikatoren vert påverka av konjunktursvingingar og andre kortsiktige svingingar. Vi nyttar denne indikatoren mellom anna til å følgje opp delmål 3 i IA-avtala) – sjå faktaboks.

FORVENTA YRKESAKTIVITET NED SIDAN 2008

I 2011 kunne ein 15-åring rekna med ein yrkeskarriere tilsvarande 30,8 årsverk i arbeidslivet (figur 1). Det er ein oppgang frå 2001 då tilsvarande tal var 29,6 årsverk, men det er en nedgang frå 2008 då sysselsetjinga var på sitt høgaste. Vi hadde om lag same konjunktursituasjon i 2008 som i 2001 – arbeidsløysa byrja å stige etter å ha nådd eit botnnivå i begge desse åra (Handal og Sørbø 2010). Det er difor sannsynleg at auken i forventa yrkesaktivitet i denne perioden – på ca. to årsverk – er ei reell trendendring og ikkje skuldast kortsiktige svingingar.

IA-avtala

IA-avtala, eller intensjonsavtala om eit meir inkluderande arbeidsliv (sjå IA-avtala 2010), er ei avtale mellom regjeringa og partane i arbeidslivet for å skapa eit meir inkluderande arbeidsliv. Avtala vart fyrste gong undertekna i 2001, medan den noverande avtala gjeld for perioden 2010–2013. Avtala har eitt hovudmål og tre delmål. Hovudmålet er «å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet.»

Dei tre delmåla er:

1. Reduksjon i sjukefråværet med 20 prosent samanlikna med nivået i andre kvartal 2001.
2. Auka sysselsetjing av personar med redusert funksjonsevne.
3. Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlengjast med seks månader samanlikna med 2009.

Utviklinga sidan 2008 skuldast i stor grad nedgangskonjunktoren som starta våren 2008. Sidan menn i større grad enn kvinner arbeider i konjunkturutsette næringar, har yrkesaktiviteten gått meir ned for menn enn for kvinner.

Metode for utrekning av forventa yrkesaktivitet

Forventa yrkesaktivitet (FY) ved inngangen til år x for ein person som fyller y år i dette året har vi definert slik der:

$$FY_{x,y} = \sum_{i=y}^{\omega} p_{y,i} \cdot sa_{x,i}$$

- ω er øvre alder for datagrunnlaget. I praksis har vi brukt data til og med 105 år, der vi brukar faktiske dødssannsyn til og med 99 år og glatta dødssannsyn for intervallet 100–105 år.
- $p_{y,i}$ er sannsynet for å overleva frå byrjinga av året der vedkommande fyller y år til midt i året der vedkommande fyller i år,
- der $sa_{x,i}$ er den gjennomsnittlege stillingsdelen i år x blant folkemengda som fyller i år i dette året.

Vi reknar her ut gjennomsnittleg stillingsdel for heile folkemengda, slik at vi set stillingsdelen lik null for personar som ikkje er sysselsett. Ved utrekninga av gjennomsnittleg stillingsdel tek vi også omsyn til lengda på sysselsetjinga, slik at til dømes 6 månader i arbeid med 100 prosent stillingsdel gjev ein gjennomsnittleg stillingsdel på 50 prosent.

Vi kan då seie at forventa yrkesaktivitet ved alder y er definert som produktsummen av gjennomsnittlege stillingsdelar og overlevingssannsyn i folkemengda frå alder y og oppover. Trass i ordet "forventa" gjev indikatoren ikkje ein prognose for korleis åtferda kan verta framover (på same

måte som forventa levealder også berre reknast ut på bakgrunn av observerte data). Men indikatoren oppgjev talet på forventa årsverk ein person med denne alderen kan rekna med å bidra med i arbeidslivet dersom sysselsetjingsåtferda og levealderen held seg konstant framover.

Det er eit problem ved utrekning av denne indikatoren at vi ikkje har informasjon om arbeidstid for sjølvstendige næringsdrivande eller om kva for periodar av året desse har vore i arbeid. Dette har vi teke omsyn til ved å gjera eit overslag for arbeidstida for desse basert på den pensjonsgjevande inntekta dei er registrert med. I fyrste omgang går vi ut frå at gjennomsnittleg arbeidstid for eit visst inntektsnivå vil vera den same som for arbeidstakarar med same inntekt. Basert på desse føresetnadane lagar vi eit overslag på utførde årsverk blant sjølvstendige næringsdrivande for kvart einskild år. Dette overslaget har vi deretter samanlikna med statistikk frå Arbeidskraftundersøkinga til Statistisk sentralbyrå, som også viser talet på utførde årsverk for sjølvstendige næringsdrivande. Ut frå denne samanlikninga har vi definert ein korreksjonsfaktor rekna ut frå overslaget vårt for talet på årsverk og tilsvarande tal frå Arbeidskraftundersøkinga, som vi til slutt har korrigert tala våre for.

Uvissa dette medverkar til er avgrensa sidan sysselsetjinga blant sjølvstendige næringsdrivande berre utgjer knappe 10 prosent av dei forventa åra i denne indikatoren. Og sidan vi gjennomgåande nyttar same korreksjonsmetode for kvart einskild år, vil indikatoren vera samanliknbar over tid.

Metode for utrekning av forventa pensjoneringsalder og forventa tid som pensjonist

Forventa pensjoneringsalder er lik produktsummen av alder og sannsynet for å bli pensjonert i gitt alder. Denne formelen reknar ut forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år:

$$FPA(50) = \sum_{x=50}^{\omega} x * p(x) = 50 * p(50) + 51 * p(51) + \dots + \omega * p(\omega)$$

Der $p(x)$ er sannsynet for å bli pensjonert i alder x og ω er øvre aldersgrense. Vi brukar 70 år som øvre aldersgrense. Frå 2011 vart det mogeleg å utsetje uttaket av alderspensjon til 75 år, men dette gjeld for personar fødte i 1943 eller seinare og vil ikkje få effekt før om nokre år. Sannsynet vert rekna ut via overlevingsfunksjonen $S(x)$ som er sannsynet for ikkje å vera pensjonert ved fylte x år. Når vi har rekna ut $S(x)$ for dei mogelege verdiane av x får vi sannsynet som $p(x)=S(x)-S(x+1)$.

Overgangintensiteten i alder x , $h(x)$, er lik talet på dei som blei pensjonert i alder x dividert med talet på dei som kunne blitt pensjonert. Overlevings sannsynet i alder x , $ovl(x)=1-h(x)$, er sannsynet for at ein som ikkje er pensjonert før fylte x år heller ikkje blir pensjonert før fylte $x+1$ år.

$$S(x) = \prod_{u < x} ovl(u)$$

dvs. produktet av overlevingssannsyna for kvar alder lågare enn x .

Forventa pensjoneringsalder, slik vi definerer omgrepet, er bestemt av pensjoneringsåtfærdane åleine. Det vert ikkje teke omsyn til dødsprosenten. Andre stader, til dømes det finske pensjonscenteret, tek også omsyn til dødsprosenten (Finnish Centre for Pensions 2008). Ved anslag over forventa tid som pensjonist er det denne måten vi må nytta. Vi følgjer finnane sin ordbruk og kallar dette forventa effektiv pensjoneringsalder.

Forventa tid som pensjonist vert rekna ut som skilnaden mellom forventa levealder og forventa effektiv pensjoneringsalder. Sannsynet for å bli pensjonert i alder x gitt at ein er i live og ikkje pensjonert i alder m er

$$A(x) = h(x) * \prod_{k=m}^{x-1} (1 - h(k) - y(k))$$

Der $y(k)$ er sannsynet for å døy i alder k . Forventa effektiv pensjoneringsalder ved 50 år er

$$FEPA(50) = \left(\sum_{x=50}^{70} xA(x) \right) / \sum_{x=50}^{70} A(x)$$

Skilnaden mellom forventa pensjoneringsalder og forventa effektiv pensjoneringsalder er denne: Forventa pensjoneringsalder er den alderen då ein person kan forventa å bli pensjonert, gitt at han ikkje døyr før. Forventa effektiv pensjoneringsalder er gjennomsnittsalderen ved pensjonering for dei som faktisk blir pensjonert gitt observert pensjoneringsåtfærd og dødsprosent. Ved 50 år er forventa effektiv pensjoneringsalder om lag 0,2 år lågare enn forventa pensjoneringsalder.

Kva for nokre ordningar inngår i utrekninga

Pensjonssystemet i Noreg består av alders- og uførepensjon frå folketrygda, avtalefesta pensjon (AFP) og tenestepensjonar. Kva for ordningar innanfor folketrygda som bør reknast med er eit skjønsspørsmål. Over tid har også stønadssystemet endra seg. Inntil 2004 brukte vi folketrygdas alders- og uførepensjon og AFP. Frå 2004 fann vi det rett å ta med tidsavgrensa uførestønad (TU), sidan den skulle avlasta varig uførepensjon. I 2009 vart TU avskaffa, og det er meininga at dei som før ville fått TU no skal få den nye stønaden arbeidsavklaringspengar. Vi finn det ikkje rimeleg å ta med arbeidsavklaringspengar i pensjonsomgrepet vårt, sidan denne stønaden omfattar mange personar som ikkje har vore aktuelle for uførepensjon. Frå 2010 blir dermed forventa pensjoneringsalder igjen basert på alders- og uførepensjon, og AFP. Vi reknar no heller ikkje lenger med TU i tidsrommet 2004–2009.

For å kunna følgja med i utviklinga av pensjoneringsalderen i alderspensjonen etter pensjonsreforma vil vi også rekna ut ein forventa pensjoneringsalder der berre alderspensjon og AFP høyrer med. Tenestepensjonar vert som hovudregel gitt som eit tillegg til folketrygda, med same pensjoneringstidspunkt. Ein del arbeidstakarar har særaldersgrenser der pensjonsalderen kan vera så låg som 60 år, i nokre tilfelle endå lågare. Desse er ikkje med i utrekningsgrunnlaget fordi NAV ikkje har data for desse pensjonane. Vi meiner likevel at vi får ein god indikator for utviklinga i den reelle pensjoneringsalderen.

Datagrunnlag


Utrekningane er basert på NAV sin kopi av folkeregistret, NAV sin statistikkdatabase for pensjonar, Aa-registret (Arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret) og inntektsregisteret. Aa-registret inneheld detaljerte data om lengda på arbeidsforhold og om stillingsdel. Vi har her berre brukt data for perioden 2001–2011 då vi ikkje har informasjon om stillingsdel lenger tilbake i tid. Ei ulempe med desse dataa er at dei berre inneheld informasjon om arbeidstakarar, ikkje om sjølvstendige næringsdrivande. Vi har difor også brukt data om næringsinntekt frå inntektsregisteret for perioden 2001–2010. Inntektsregisteret er NAV sitt register for pensjonsgjevande inntekt, basert på likningsdata frå Skatteetaten. Ulempa med desse dataa er at pensjonsgjevande inntekt berre vert fastsett til og med året ein fyller 69 år.*

Personar som mottok graderte stønader, er ved utrekning av forventa pensjoneringsalder berre medrekna som delvise pensjonistar.


* Personar fode i 1943 eller seinare kan tene opp pensjonsgjevande inntekt til og med året dei fyller 75 år, men dette får fyrst effekt i 2013 som er året desse fyller 70.

Ei utvikling der folk kjem stadig seinare ut i arbeid, pensjonerar seg stadig tidlegare og lever stadig lenger, har vorte karakterisert som at vi er i ferd med å få eit 30-30-30-samfunn (Vårdal 2011). Det er eit samfunn der folk tek utdanning til dei er 30 år, jobbar i 30 år og så er pensjonist i 30 år. Tala i figur 1 viser at vi lenge har vore i ein situasjon der folk i gjennomsnitt arbeider rundt 30 år. Men som tidlegare vist er alderen når folk i gjennomsnitt startar i heiltidsarbeid, framleis ein del år lågare enn 30 år. Og levealderen til nyfødde i 2011 var 81 år. Det er difor, som vi seinare skal vise, enno langt igjen til at folk i gjennomsnitt er pensjonerte så lenge som 30 år. Det er ikkje berre utdanning som bidreg til få år i arbeid, men også at mange er utanfor arbeid som følgje av dårleg helse eller av andre årsaker (Furuberg, Qui og Thune 2012).

Figur 1.
Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 15 år.
Førebelse tal for 2011.



Figur 2.
Talet på årsverk som arbeidstakarar har utført som prosentdel av folkemengda.




Forventa yrkesaktivitet i 2011 var framleis høgare enn i heile perioden 2001–2007. Auken i yrkesaktivitet har vore litt større for kvinner enn for menn. Auken frå 2001 til 2011 utgjer ein forlenga yrkeskarriere på om lag 1,8 årsverk for kvinner og 0,6 årsverk for menn. Kvinner kan framleis rekna med å yta sju færre årsverk i arbeidslivet enn menn. Denne skilnaden har berre svakt gått ned frå 2001, då han var litt meir enn åtte årsverk. Noko av denne skilnaden kjem av at kvinner i større grad enn menn er mellombels ute av arbeidslivet som følgje av omsorg for born, særleg i samband med foreldrepermisjon. Skilnaden mellom den delen av kvinner og menn som er sysselsett er temmeleg liten, og hovudårsaka til skilnaden i forventa yrkesaktivitet er at det framleis er langt fleire kvinner enn menn som arbeider deltid.

Om vi ser bak tala, finn vi at det sidan 2008 har vore ein nedgang i sysselsetjinga blant alle aldersgrupper under 60 år, og at nedgangen har vore særleg stor for personar under 30 år (figur 2). Dette har samband med at dei yngste arbeidstakarane er meir utsette for konjunktursvingingar, mellom anna ved at fleire tek utdanning i staden for å jobbe i nedgangskonjunktur. Auken i talet på fullførte høgskule- og universitetsutdanningar frå 2008/2009 til 2009/2010 var den største sidan 1990-talet (SSB 2011). Samstundes auka sysselsetjinga blant personar over 60 år. Det kjem truleg mellom anna av auka utdanningsnivå blant eldre og høgare sysselsetjing blant kvinner. Som nemnt vart òg avkortinga av alderspensjonen ved arbeid for aldersgruppa 67–69 år avskaffa i perioden 2008–2010, noko som har medverka til auka sysselsetjing for denne gruppa.

Figur 2 viser utførte årsverk som prosentdel av folkemengda. Det inneber at både talet på sysselsette og gjennomsnittlig stillingsdel for kvar av dei verkar inn på tala.

Figur 3.

Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 50 år. Førrebelse tal for 2011.



HØGARE YRKESAKTIVITET BLANT DEI OVER 50 ÅR ENN NOKON GONG FØR

Eit av måla i IA-avtala, delmål 3, er at gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet etter 50 år skal forlengjast med 6 månader frå 2009 til 2013. Figur 3 viser eit mål for dette – forventa yrkesaktivitet etter 50 år. Merk at denne indikatoren vert påverka av sysselsetjinga for heile folkemengda over 50 år, og at den difor vil bli påverka av at ein del alt før dei fyller 50 år sluttar i arbeid fordi dei vert arbeidsuføre eller sluttar av andre årsaker.

Ein 50-åring i 2011 kunne venta å vera i arbeid framover tilsvarande 11,0 år med full stilling. Dette er ein auke på 0,1 år frå 2009, og forventa yrkesaktivitet etter 50 år er no høgare enn i alle tidlegare år vi har data for. Auken frå 2001 til 2011 tilsvarar at folk i gjennomsnitt arbeider 1,4 årsverk meir enn før etter 50 år. Yrkesaktiviteten har vist ei jamn eller stigande utvikling kvart einaste år i perioden, også i periodar med stigande arbeidsløyse slik som i perioden 2002–2003 og i 2009–2010. Auken er størst for kvinner, og det skuldast at dei årskulla kvinner som no passerar 50, har vore meir yrkesaktive gjennom heile sin yrkeskarriere.

Ei mogleg forklaring på auken er elles at ein stadig større del av folkemengda i denne aldersgruppa har høgare utdanning. Tidlegare undersøkingar viser at sysselsetjinga blant eldre aukar med utdanningsnivået (Bråthen 2007). At store årskull no er i ferd med å nærme seg pensjonsalderen, kan som tidlegare nemnt dessutan ha ført til ei haldningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, slik at både arbeidskraftstilbodet og -etterspurnaden kan ha auka i denne aldersgruppa.

Auken frå 2010 til 2011 kan òg ha samanheng med pensjonsreforma og innføringa av nytt pensjonsregelverk frå 2011. Auken er rett nok ganske liten. Som vist i figur 2 kjem det av at sysselsetjinga har gått opp for personar over 60 år, men at ho samstundes har gått ned for dei mel-

lom 50 og 59 år. Nytt med pensjonsreforma var at personar i alderen 62–66 år kunne kombinera arbeid og alderspensjon utan at pensjonen vert redusert. Auken i sysselsetjinga for denne aldersgruppa har likevel ikkje vore særleg stor. Det heng saman med at privat AFP tidlegare var ei eiga tidlegpensjonsordning ein kunne få mellom 62 og 66 år. 2010 var siste sjansje for å ta ut slik AFP, og AFP etter den gamle ordninga vert avkorta om ein kombinerer pensjonen med arbeid. Dahl og Lien (2011) fann at rundt 2 300 fleire enn normalt tok ut AFP etter gamal ordning i desember 2010, og at dette kan ha medverka til at ein del sluttar i arbeid tidlegare enn dei elles ville gjort. På sikt, når den gamle AFP-ordninga vert heilt utfasa, er det difor sannsynleg at sysselsetjinga vil auke enda meir for 62–66-åringar.

For at målet i IA-avtala skal bli nådd må forventa yrkesaktivitet etter 50 år auka til 11,4 år innan 2013. Vi er enno eit stykke unna dette målet. Ei av utfordringane med dette målet er at konjunktursituasjonen vil påverka yrkesaktiviteten, slik at indikatoren dermed måler utviklinga også i andre tilhøve enn dei ein kan påverke ved å leggje til rette for ein god seniorpolitikk. NAV ventar ei arbeidsløyse i 2013 på 3,2 prosent⁵, og det er akkurat same nivå som i 2009. Trass i det var 2009 eit år prega av nedbemanningar i mange verksemder etter finanskrisa hausten 2008. Fleire enn normalt har då truleg avslutta yrkeskarrieren sin og gått ut i pensjon. Vi kan dermed gå ut frå at konjunktursituasjonen isolert sett vil gjere det noko lettare å nå målet i 2013.


Det er òg sannsynleg at pensjonsreforma vil kunne gje drahjelp for å nå delmål 3. At det har vorte meir lønsamt å kombinera arbeid og pensjon, vil kunne medverka til auka sysselsetjing også utover effekten vi allereie har sett i 2011. Tal for 2011 viser dessutan at sysselsetjinga for dei over 60 år auka mest på slutten av året, medan vår indikator er basert på årsgjennomsnitt. Dersom nivået på slutten av 2011 held seg eller aukar ytterlegare, kan vi difor vente ein auke i forventa yrkesaktivitet også i 2012.

ELDRE ARBEIDER LENGST I AKERSHUS OG KORTAST I FINNMARK

Akershus er fylket med høgast yrkesaktivitet blant dei over 50 år, følgd av dei fire vestlandsfylka. Folk i Akershus arbeider i gjennomsnitt 12,1 år på heiltid etter dei har fylt 50. Finnmark og Østfold er fylka med lågast yrkesaktivitet. 50-åringar kan der rekna med å vera berre 9,8 og 9,9 årsverk i arbeid etter 50 år. Østfold er òg det einaste fylket der vi ser nedgang i yrkesaktiviteten etter 50 år frå

⁵ NAV sitt siste overslag for arbeidsløysa som definert i Arbeidskraftundersøkinga til SSB, sjå NAV 2012.

Figur 4.
Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 50 år, etter fylke.



2009 til 2011. Vi kan til dels forklare dei fylkesvise skilnadane med skilnadar i næringsstruktur og utdanningsnivå. Akershus er fylket med det nest høgaste utdanningsnivået (etter Oslo) av folkemengda i aldersgruppa 60–66 år, medan Finnmark og Østfold begge er blant dei fire fylka i landet med lågast utdanningsnivå.⁶

Yrkesaktiviteten heng òg saman med kor mange som i ulike fylke er utanfor arbeidslivet på grunn av helsa. Medan 29 og 28 prosent av folkemengda i alderen 50–66 år fekk uførepensjon i Finnmark og Østfold ved utgangen av 2011 (fylka med høgast og tredje høgast prosentdel), gjaldt dette berre 16 prosent av 50–66-åringane i Akershus (lågast av alle fylka).

FORVENTA PENSJONERINGSALDER – ALDERSPENSJON, UFØRESTØNAD OG AFP

Vi kan rekna ut forventa pensjoneringsalder for ikkje-pensjonerte personar i ulike aldrar. Figur 5 og 6 viser forventa pensjoneringsalder på to alderstrinn: 18 og 50 år for perioden 2001 til 2011. Som det går fram av figurane, vil forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år alltid vera høgare enn forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år. Dette er fordi pensjonering før 50 år då ikkje vert rekna med.

⁶ Prosentdel av folkemengda i alderen 60–66 år som i 2010 hadde universitets- eller høgskuleutdanning. Kjelde: SSB, Statistikkbanken tabell 08921.


Når tilgangen til pensjon aukar eller minkar både mellom dei over og under 50 år, vil endringa i forventa pensjoneringsalder ved 18 år vera større enn ved 50 år. Dersom vi har auke i tilgangen over 50 år og nedgang under 50 år, eller omvendt, vil endringa i forventa pensjoneringsalder ved 18 år kunne vera lågare enn ved 50 år.

I 2011 var forventa pensjoneringsalder for ein person på 50 år på 62,3 år, medan den for ein person på 18 år var 58,6 år. Av figur 5 og 6 ser vi at den forventa pensjoneringsalderen for kvinner på 18 år var vel eit halvt år lågare enn for menn, men ved 50 år litt høgare. Forventa pensjoneringsalder for kvinner har i alle år tidlegare vore lågare enn for menn. I 2011 har pensjonsreforma ført til at forventa pensjoneringsalder for kvinner ved 50 år er blitt høgare enn for menn. Frå 2010 til 2011 gjekk forventa pensjoneringsalder ved 50 år ned med 1,4 år, og ved 18 år ned med 2,2 år.

Det var ein sterk auke i forventa pensjoneringsalder i 2004. Dette kom av innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Eit hovudmål med denne ordninga var å minka tilgangen til varig uførepensjon.⁷ Det var ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2010 og 2011. Dette kjem av auka tilgang både til uførepensjon og AFP, og i 2011 også til alderspensjon på grunn av innføringa av fleksibel alderspensjon. Auken i tilgangen til uførepensjon kjem i stor grad av opphevinga av tidsavgrensa ufø-

⁷ Ein grundig analyse av TU-ordninga finst i Bragstad (2009).

Figur 5.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år, etter kjønn.




restønad. Mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar som tidlegare hadde tidsavgrensa uførestønad, har hatt overgang til uførepensjon. Dessutan har ein del personar som før ville fått tidsavgrensa uførestønad fått uførepensjon i staden for arbeidsavklaringspengar.⁸

Alderspensjon og AFP stod for 1,1 år av nedgangen i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011. Dermed stod auka tilgang til uførepensjon for 1,1 år av nedgangen i forventa pensjoneringsalder ved 18 år, og for 0,3 år av nedgangen ved 50 år.

Ut frå dette materialet ser det ikkje ut til at tidsavgrensa uførestønad har ført til ein varig reduksjon i tilgangen til uførepensjon. Sjå også figur 9 som viser at forventa prosentdel pensjonerte ved fylde 62 år i 2011 er vel 30 prosent, om lag det same som i 2001.


Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar truleg pensjoneringsåtfërda. Noreg var inne i ein høgkonjunktur frå

Figur 6.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år, etter kjønn.



⁸ For utviklinga i uførepensjonen, sjå Bragstad, Ellingsen og Lindbøl (2012).

Figur 7.
Forventa tid som pensjonist (i år).



2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnad etter arbeidskraft i denne perioden kan medverka til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder i 2005–2007. Tilsvarande kan minka etterspurnad i 2009–2010 ha medverka til auka pensjonering.

Nokre år klarar ikkje NAV å handsama krava like fort som dei kjem inn, slik at vi får ein auke i ubehandla saker, og andre år klarer vi å handsama fleire saker enn innkomne krav, slik at auken i talet på pensjonistar blir større enn talet på nye krav. Det er grunn til å tru at auke i talet på ubehandla krav om uførepensjon er ein medverkande grunn til auken i forventa pensjoneringsalder frå 2004 til 2007, og at auka innsats i sakshandsaminga bidrar til nedgangen frå 2009.


Inntil 2007 blei alderspensjon til pensjonistar i alder 67–69 år avkorta mot arbeidsinntekt. Forventa pensjoneringsalder for dei som ikkje var pensjonert før fylte 67 år var i desse åra 67,3 år. I 2008 blei avkortinga teken bort for 67-åringar og i 2009 og 2010 for 68- og 69-åringar. Verknaden av dette var at forventa pensjoneringsalder for 67-åringar gjekk ned til 67,2 år i 2008 og 67,1 år i 2009. Dette er då også ei medverkande årsak til nedgangen i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2009 og 2010. Forventa pensjoneringsalder går ned sjølv om fleire over 67 år er i arbeid fordi dei kombinerer arbeid og pensjon.

FORVENTA TID SOM PENSJONIST

Ved å sjå på skilnaden i forventa levetid og forventa effektiv pensjoneringsalder⁹ ved 50 år, får vi eit anslag over forventa tid som pensjonist. Denne har auka monaleg frå 2001 til 2011. Auken kjem både av auka forventa levealder og nedgang i forventa effektiv pensjoneringsalder.

⁹ Sjå faktaboks.

Figur 8.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år. Berre alderspensjon og AFP.



Auken i forventa tid som pensjonist frå 2001 til 2011 er på 3 år. 1,8 år kjem av auka levealder og 1,2 år av lågare pensjoneringsalder. Skilnaden i forventa tid som pensjonist mellom kvinner og menn var i 2001 4,6 år. I 2011 har den minka til 3,3 år. Frå 2010 til 2011 auka forventa tid som pensjonist med 1,6 år. Det meste av auken kjem av pensjonsreforma, som gjev høve til å ta ut alderspensjon frå 62 år, mot før 67 år.


FORVENTA PENSJONERINGSALDER FOR ALDERSPENSJON OG AFP

Etter pensjonsreforma, som innførte fleksibel pensjonsalder, er det viktig å følgja med i korleis den faktiske pensjonsalderen utviklar seg. Det er naturleg å sjå alderspensjon og AFP i samanheng. I privat sektor er AFP no eit tillegg til alderspensjonen. I offentleg sektor kan ein velja mellom alderspensjon og AFP dersom ein vil gå av før 67 år. Det var ein moderat nedgang i forventa pensjoneringsalder rekna på denne måten, med om lag 0,3 år frå 2001 til 2010. I 2011 blei det mogleg å ta ut alderspensjon frå 62 år. Mange, særleg menn, nytta seg av dette og vi fekk ein reduksjon i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011 med om lag eitt år. For kvinner var nedgangen berre 0,3 år (4 månader) og for menn 1,7 år. Den store skilnaden mellom kvinner og menn skuldast både at ein større del menn fyller vilkåra for å ta ut pensjon før fylde 67 år, og at kvinner som oppfyller vilkåra i langt mindre grad nyttar seg av ordninga.

PENSJONERINGSMØNSTERET

Figur 9 viser sannsynet for å vera pensjonert ved fylte 30, 40, 50, 62 og 67 år, gitt pensjoneringsmønsteret i det ein-skilde året. Tala viser sannsynet for å vera pensjonert rett

Figur 9.
Sannsynet for å vera pensjonert på ulike alderssteg.




før den fylte alderen, slik at til dømes pensjonering ved 67 år ikkje vert medrekna i prosentdelen som er pensjonert ved 67 år. Som pensjonistar reknar vi her med mottakarar av alderspensjon, AFP og varig uførepensjon. Sannsynet går ned i 2004 etter innføringa av tidsavgrensa uførestønning og opp igjen i 2010 etter innføringa av arbeidsavklaringspengar. Sannsynet for alt å vera pensjonert ved fylte 67 år auka sterkt i 2011.

Vi ser eit liknande bilete i figur 10, som viser sannsynet for å bli pensjonert i eit aldersintervall, gitt at ein ikkje er pensjonert før. Det er ein mindre nedgang i 2004 for dei over 62 år enn for yngre. Dette kjem av at tidsavgrensa uførestønning spela ei mindre rolle i pensjoneringa etter 62 år, då mange får rett til AFP. Sannsynet for ein 62-åring til å ta ut pensjon før 67 år aukar frå 50 prosent i 2010 til over 80 prosent i 2011.

Sjølv om folk i 2011 tok ut pensjon tidlegare enn i åra før, er som tidlegare vist yrkesaktiviteten etter 50 år høgare enn nokon gong før i dei åra vi har tal for. Dette viser at langt fleire arbeidde ved sidan av pensjonen i 2011 enn tidlegare.

Figur 10.
Betinga sannsyn for å bli pensjonert i ulike aldersintervall.



TABELLVEDLEGG

Tabell 1.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år og fylte 62 år. Alders- og uførepensjon, AFP.

År	50 år			62 år		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
2001	63,5	63,4	63,8	65,5	65,6	65,4
2002	63,5	63,3	63,7	65,4	65,6	65,4
2003	63,3	63,1	63,6	65,4	65,5	65,3
2004	63,8	63,6	64,0	65,4	65,4	65,4
2005	64,0	63,8	64,3	65,5	65,4	65,5
2006	64,1	63,9	64,4	65,5	65,4	65,6
2007	64,2	63,9	64,6	65,6	65,5	65,8
2008	64,1	63,7	64,5	65,6	65,5	65,7
2009	63,9	63,6	64,3	65,5	65,4	65,5
2010	63,7	63,4	63,9	65,3	65,2	65,5
2011	62,3	62,5	62,3	64,0	64,8	63,5

KJELDE: NAV

Tabell 2.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år og fylte 30 år. Alders- og uførepensjon, AFP.

År	18 år			30 år		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
2001	61,0	60,6	61,6	61,8	61,3	62,4
2002	60,8	60,4	61,3	61,6	61,2	62,2
2003	60,4	59,9	60,8	61,2	60,7	61,8
2004	62,1	62,0	62,3	62,8	62,6	63,0
2005	62,5	62,4	62,7	63,3	63,0	63,5
2006	62,8	62,7	62,9	63,5	63,3	63,7
2007	62,8	62,5	63,0	63,5	63,1	63,9
2008	62,3	62,1	62,6	63,1	62,7	63,6
2009	62,1	61,8	62,3	62,9	62,5	63,2
2010	60,8	60,3	61,1	61,7	61,1	62,2
2011	58,6	58,4	59,1	59,6	59,3	60,2

KJELDE: NAV

Tabell 3.
Forventa tid som pensjonist (i år).

	I alt	Kvinner	Menn
2001	17,7	19,8	15,2
2002	17,8	20,1	15,4
2003	18,4	20,5	16,0
2004	18,3	20,4	16,0
2005	18,2	20,3	15,8
2006	18,3	20,3	16,1
2007	18,2	20,3	15,8
2008	18,4	20,7	16,1
2009	18,9	20,9	16,6
2010	19,1	21,2	17,1
2011	20,7	22,2	18,9

KJELDE: NAV

Tabell 4.
Forventa pensjoneringsalder ved 62 år.
Alderspensjon og AFP.

År	I alt	Kvinner	Menn
2001	66,5	66,5	66,4
2002	66,4	66,5	66,3
2003	66,4	66,4	66,3
2004	66,3	66,4	66,2
2005	66,3	66,3	66,3
2006	66,3	66,3	66,2
2007	66,4	66,3	66,4
2008	66,3	66,3	66,3
2009	66,2	66,3	66,2
2010	66,1	66,1	66,0
2011	65,0	65,8	64,3

KJELDE: NAV

REFERANSAR

Bragstad, Torunn (2009) «Tidsbegrenset uførestønad – evaluering fire år etter innføring», NAV-rapport 3-2009, Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Bragstad, Torunn, Ellingsen, Jostein og Lindbøl, Marianne (2012) «Hvorfor blir det flere uførepensjonister?», Arbeid og velferd, 1-2012, 26–39.

Bråthen, Magne (2007) «Seniorenas tilknytning til arbeidsmarkedet styrkes», Arbeid og velferd, 4-2007, 22–26.

Bråthen, Magne og Grambo, Anne-Cathrine (2009) «Sysselsettingseffekten av endrede regler for alderspensjon for 67-åringar», Arbeid og velferd, 2-2009, 41–47.

Christensen, Arne Magnus, Fredriksen, Dennis, Lien, Ole Christian og Stølen, Nils Martin (2012) «Pension Reform in Norway: Combining Nonfinancial Defined Contribution Schemes and Distributional Goals», kommende artikkel i Holzmann, Palmer og Robalino (ed.) «NDC Pension Schemes: Progress and Frontiers in a Changing Pension World», Joint Swedish Social Insurance Agency - World Bank Conference Volume.

Dahl, Espen Halland og Lien, Ole Christian (2011) «Pensjonsreformen: Effekter på sysselsettingen», Arbeid og velferd, 4-2011, 35–42.

Finnish Centre for Pensions (2008) «Expected effective retirement age in the Nordic countries», Statistical Report 2/2008, Helsinki: Finnish Centre for Pensions.

Furuberg, Jorunn, Qiu, Xu Cong og Thune, Ola (2012) «662 000 tapte årsverk i 2011», Arbeid og velferd nr. 2-2012, 41–47.

Handal, Jørn og Sørbø, Johannes (2010) «Nedgangskonjunkturen til nå – hva skiller denne fra de forrige?», Arbeid og velferd, 1-2010, 13–21.

Hytti, Helka og Nio, Ilkka (2004) «Monitoring the employment strategy and the duration of active working life», Working paper 38/2004, Helsinki: Finnish ministry of labour.

IA-avtala (2010) *Intensjonsavtalen om et mer inkluderende arbeidsliv* Tilgjengelig fra: <http://www.nav.no/Arbeid/Inkluderende+arbeidsliv/Om+IA-avtalen.234599.cms>.

Lien, Ole Christian (2010) «Halvannet år i arbeid for hvert år som pensjonist», Arbeid og velferd, 2-2010, 36–45.

NAV (2011) *Flere kombinerer pensjon og arbeid* Tilgjengelig fra: <http://www.nav.no/Om+NAV/Tall+og+analyse/Analyser/Arbeid+og+velferd/Arbeid+og+velferd/Flere+kombinerer+pensjon+og+arbeid.279477.cms> (Hentet 16.04.2012).

NAV (2012) «Utviklingen på arbeidsmarkedet», Arbeid og velferd, 2-2012, 3–19.

SSB (2011) *Flere grader fullført i høyere utdanning* Tilgjengelig fra: <http://www.ssb.no/emner/04/02/40/eksuvh/> (Hentet: 16.04.2012).

Vogler-Ludwig, Kurt (2009) «Monitoring the active working life in the European Union», Rapport for EU-kommisjonen, München: EU-kommisjonen.

Vårdal, Leonhard (2011) *Hva er velferdsstaten?* Tilgjengelig fra: <http://ndla.no.nb/node/21415> (Hentet: 27.03.2012).